

# DU KAN REDDDE LIV

ditt eige eller andre sitt  
ved å lære meir  
om brannvern



**BRANN 110**

**POLITI 112**

**AMBULANSE 113**

## Dei fleste dødsbrannar skjer om natta i eigen heim

Gå ei lita runde før du legg deg og sjå at alt er i orden. Erfaring viser at det kan ta mindre enn 5 minutt før eit rom er overtent. Du har lita tid til å redde deg sjølv eller andre ut av brennande hus.



Vi håpar du som mottek denne brosjyren vil tenkje gjennom kva som kan vera farleg heime hjå deg. Ofte er det enkle ting du kan ordne på. Ta ein prat med familien om branntrygggleik og gjennomfør brannøvingar.

Har du spørsmål kan du ta kontakt med ditt lokale brannvesen.

## Røykvarslarar

Røykvarslaren er di viktigaste livsforsikring.

### råd:

- Ha fungerande røykvarslarar som varslar alle og høyrst godt på alle soverom.
- Følg monteringsretteleing.
- Kontroller røykvarslaren ein gong kvar månad.
- Skift batteri 1. desember kvart år.
- Røykvarslarar bør seriekoplast.




## Rømmingsvegar

Ved brann er det viktig at du kjem raskt ut.

### råd:

- Tenk gjennom alternative utgangar og prøv desse.
- Kontroller at vindaugo og dører er lette å opne for alle som bur i huset.
- Vurder behov for hjelpemiddel for å komme deg trygt ut.
- Snakk med familien om korleis ein skal opptre ved ein brann og avtal møteplass.



**NB! Dersom du ikkje greier å rømme frå andre etasje - kan du ikkje overnatte der.**

## Sløkkjeutstyr

Alle bustader skal ha godkjent sløkkjeutstyr - husbrannslange, skum- eller pulverapparat.

### råd:

- Plasser sløkkjeutstyr lett tilgjengeleg.
- Kontroller at nåla på handsløkkjaren står på grønt, og vend pulverapparatet opp ned eit par gonger i året.
- Brannteppe og ein liten sprayboks med sløkkjeskum er godt tilleggsutstyr.




## PCar og mobiltelefonar

Berbare PCar utviklar mykje varme og er avhengig av lufting og nedkjøling.

### råd:

- Ta ein prat i familien om branntryggleik ved bruk av PC, mobilar og liknande utstyr.
- Plasser PCen på trygt underlag, unngå dyner eller puter.
- Lad PC, mobil eller anna utstyr på dagtid, og ta ut støpsla etter bruk.



## Fjernsyn

Om du slår av fjernsynet med fjernkontrollen, står det framleis spenning (straum) på apparatet. Eldre fjernsyn samlar støv, og det kan oppstå brann.

### råd:

- Slå alltid av hovudbrytar på eldre fjernsyn.



## Lause leidningar

Har du mange klasar med leidningar i huset?

### råd:

- Rydd opp i dette før det går varmegang i leidningane.
- Monter nok faste koplingspunkt.



## Kaffetraktar & vasskokar

Feil bruk og dårleg vedlikehald av elektriske apparat er vanlege årsakar til brann.

### råd:

- Ta ut støpsla når du er ferdig med å trakte eller koke.
- Vurder å montere tidsbrytar.



## Elektriske varmeomnar

All form for tildekkjing - også gardiner - kan lett føre til brann.

### råd:

- Monter nok fastmonterte panelomnar til den daglege oppvarminga.
- Bruk vifteomnar og oljefyrte omnar under tilsyn.



## Komfyr & ventilator

Det er fort gjort å gløyme! Tørrkoking av kjelar og panner er ein hyppig årsak til brann. Ventilatoren over komfyren dreg i seg mykje feitt som er veldig brennbart.

### råd:

- Monter komfyrvakt.
- Reingjer ventilator og filter jamleg, skift filter ved behov.



**NB! Bruk aldri vatn for å sløkkje brann i matfeitt og matoljar. Kjelelokk kveler flamma effektivt.**



## Tørketrommel, vaskemaskin & oppvaskmaskin

Varmgang i maskinane kan føre til brann.  
Tette lofilter i tørketromlar er særst brannfarlege.

### råd:

- Ver heime under bruk, unngå bruk når du søv.
- Slå av maskinane med hovudbrytaren etter bruk.
- Gjer reine filtra kvar gong du brukar tørketrommelen.



## Stearinljøs

Det er triveleg med levande ljøs, men dei kan føre til brann. Ljosmansjettar aukar brannfaren.

### råd:

- Sørg for at stearinljøs står stødig og i god avstand frå brennbart materiell.



**NB! Gå aldri frå brennande ljøs!**

## Propangass

Bruken av gass aukar. Feil bruk medfører risiko for eksplosjon og brann. Det er ikkje lov å lagre gass i kjellar eller på loft.

### råd:

- Bruk godkjent utstyr.
- Følg monterings- og vedlikehaldsinstruks.



**NB! Slange og regulator skal bytast regelmessig. Lekkasje er høgrisiko!**

## Brannfarleg væske

Pussefiller, svampar og liknande som har vore brukte saman med brannfarlege væsker (faxe-lut, møbelpolish, linolje, lynol o.l) kan lett tenne av seg sjølve.

### råd:

- Filler, svampar, pussegarn etc. bør oppbevarast i metalldunk eller brennast med ein gong.



**NB! Skal ikkje kastast i søpla.**

## Vedfyring

Fyr riktig med ved. Tennvæske er ikkje eigna - det kan gi eksplosjonsarta opptenning.

### råd:

- Fyr med tørr ved, det reduserer risikoen for pipebrann.
- Tenn opp med tennbrikettar.
- Tøm oska i metallbøtte med lokk og set oska ut og langt frå husveggen. Ver varsam, da ho kan tenne etter fleire dagar!



## Røyking

Røyking fører framleis til brannar med dødeleg utgang.

### råd:

- Bruk brannsikra oskebeger.
- Røykeforkle eller brann-teppe kan vere nyttig å ha.



**NB! Ikkje røyk på senga!**



# HAR DU SPØRSMÅL?



TA KONTAKT MED BRANNVESENET  
I EIGEN KOMMUNE

Skjåk kommune	tlf: 61 21 70 00
Lom kommune	tlf: 61 21 73 00
Vågå kommune	tlf: 61 29 36 00
Sel kommune	tlf: 61 70 07 00
Dovre kommune	tlf: 61 24 21 00
Lesja kommune	tlf: 61 24 41 00
Nord-Fron kommune	tlf: 61 21 61 00
Sør-Fron kommune	tlf: 61 29 90 00
Ringebu kommune	tlf: 61 28 30 00



Denne brosjyren er utarbeidd av brannvesena i Nord- og Midt-Gudbrandsdal og koordinator i samfunnsmedisin, Nord-Gudbrandsdal Lokalmedisinske Senter. Den bygger på ein tidlegare brosjyre frå Lom kommune, og var utvikla i samarbeid mellom Lom & Skjåk brannvesen, Heimebasert omsorg og Miljø, teknisk og næring.